

UTGJEVE AV JØLSTER

- MÅLLAG -

1991 - 8 - ÅRG

JUL

*Stille, — stille er det no
kring i by og grender,
Heimen andar fred og ro
kyrkjeklokka sender
tonar ut på bylgjeveng
frå det høge tårnet.
Eine råder denne klang
ikveld, — for den einbårne.*

*Bodskapen om fred på jord
julenatta lydde.
Englane heldt jubelkor,
stjerna vegen tydde.
Hyrdane klårt henne såg
over Betlehem,
der det vesle barnet låg
i eit krubberom.
Fred og frelse kom han for,
— hans misjon på ferda,
går vi viljugt i hans spor,
vert det fred i verda.*

R. Viken.



JØLSTER MÅLLAG

Styret 1991

Ingrid Søyland Hope, leiar
Kåre Lien, nestleiar
Anny Flatjord, kasserar
Jarle Helgheim, skrivar
Steinar Dvergsdal, styremedlem
Ann Elena Vie Stadheim, varamedlem

Du er hjarteleg velkomen til å bli medlem i mållaget!

Adressa er:
Jølster Mållag
Anny Flatjord
6852 KLAKEGG

Bankgiro 3703.20.14470

Medlemskontingent for 1992 er 190,- kroner.
Familiemedlemer 130,- kroner.

Bileta av jølstranaturen er tekne av Jarle Helgheim.

Innhald:

	Side
Prolog av A. P. Sægrov	4
Linda - intervju med ei songarinne	5
Dampskipet Skjold	7
Gamle ordtak	8
Bjarne Ripe — husflidsmann med bandsag og pussemaskin	9
Då framandorda kom til Jølst	12
Unge pennar - dikt frå 8. klasse ved Vassenden skule	14
Om hestar som haptar	16
Helg i oktober	17
Kvinnebonde i ein mannsalder	19
Stølsdrift i Befringsdalen (framh.)	21
Jølster Køyre- og rideklubb	23
Jul i bygda i gamle dagar	25
Familiekryssord/barnesider	26

Bokdagen

Vergudane snudde verkeleg vrangside til då vi skipa til bokdag i år. Det var full vinter alt 9. november, store, våte snøfiller la seg klamt over bygda og folket. Ein dag for innekos og omnsvarme.

Likevel samla det seg over 50 menneske i det lune, trivelege Misjonshuset på Skei. Det vart ein hyggeleg ettermiddag. Daniel Dvergsdal kåserte. Han er mannen bak boka «Gamle ord i Jølstramålet», og tok utgangspunkt i ei anna dialektordbok. Ho var utgjeven for over 300 år sidan av presten Friis i Askvoll, så interessa for dialektane er av gamal dato.

Jarle Helgheim synte ein lysbiletserie som fortalde om ulike sider av fager Jølstranatur, til tonar frå tverrflyta hennar Kjellaug Lien og lyriske ord framførde av Anny Flatjord.

Matpausen var lang og koseleg, med god søge mellom menneske som elles ikkje treffest så ofte. Folk tok seg også god tid ved bokutstillinga til Huus Libris. Der finst mykje å velje i av nynorske bøker, — fine julegaver til folk her i eit nynorskområde. Huus gav oss bøker til utlodning, og folk var svære å ta lodd! Takk til både gjevvar og loddkjøpar! Likeins takkar vi alle som hjalp til å gjere dagen vellukka, frå dei programansvarlege til dei som hadde ein stor jobb på kjøkkenet og sørge for god mat og drikke. Og til publikum: — takk for at de møtte opp, og velkomen til Vassenden neste år.



Styret i Jølster Mållag på Grepstadstøylen. Frå v.: Kåre, Ingrid, Jarle, Anny, Ann-Elena, Steinar.

Prolog

Av Anders P. Sægrov

17. mai i Grendatun 1991

Ein vår med sunnanvinden bles som best
tok nokre menneske land i ei vik her vest.
Dei kom frå sørlege strender helst vil vi tru,
dei leitte etter ein stad å bu,
dei var kanskje forfylgde og plaga,
truga på livet og jaga.
Her fann dei freden dei søkte. — —

Desse heimlause som steig på stranda vår som dei
første

frosne, svoltne, forkomne og tørste,
fekk fast under foten og glad tok til takke,
med det sundrivne landet, med gråberg og bakke,
søkte livd for væte og kalde gufs
under ei hellar ufs —
Kvar var dei ifrå — og kor såg dei ut?

Polstjerna hadde stått der mild som ei mor
vinka dei lenger og lenger mot nord,
Kor ville reisa ende —?
Måtte dei svelte ihel kanhende?
Det var då berre himmel og hav å sjå,
men so ein morgon so hende det då:
Gråe nyvaska fjell steig or hav — —!

Opp mot blåe himlar såg dei snødekte tindar
og under låg frodige lier og rindar
skummkvite elvar kom i frå snøen,
som utamde hestar dei stemnde mot sjøen.
Flokke av måse håse men mette —
Dei fortalte at for svoltne var staden den rette,
har kunne dei berge sitt liv — —

Våren helsa dei første med groluft og ange,
men kviledagane vart ikkje mange.
Dei tok på å byggje seg hus, bygde av torv og stein.
Og dei laga synål og onglar av fiskebein.
Stridlyndt var den første vinter — men til slutt vart det
vår.

Då stod der på berga ei kvinne med utslått hår,
og lyfte sitt barn mot sola — — —

Vi finn spor etter våre i seks tusund år,
langt lenger tilbake enn sogar vår når
vi ovundrar steinøksa — tolmodet og den sterke
armen

Og so ho som natt og dag røkta varmen
og dreiv sin syssel utan saks eller kniv
so vinteren klarte ikkje ta deira liv —,
To hundrede ættled har levt her — — —?

I ei karrig natur i kamp for maten
krinsa tanken vel mykje om eigenbaten.
Det vart flokk imot flokk — ætt imot ætt.
Styrken og makta vart lov og rett.
Det våre folk eingong rømde frå,
Det kom tilbake med styrke nå,
og her vart so vondt å leve — — —

Det veit dei som sogar vår les:
Småkongar vaks opp på femtekvart nes.
Då vart det so vondt her i landet,
folk tenkte mest på å drepe kvarandre.
Makta og hemnen rådde
lenger enn synsrande nådde,
i heile fem tusen år — — —

Det folk som jamt tok til øksa og sverdet,
og såg meir enn smått på menneskeverdet,
dei fekk ein bodskap som fall dårleg i smak
No lydte det: Hemnen er Herren si sak.
Den som nåde har fått skal nåde gje,
i det er det lukke og fred.
Dette var noke for dei som var svake — — —

Tregt gjekk det visst å slå vrak på det gamle,
men nokre tok til med det nye å famle
Med tida skreid fram måtte hemn-makta falle.
Orda frå Krist hadde verka på alle
Om det var tungt å melte det som stod skreve
so har alle fått vete korleis dei skal leve
Og kvar ætt har forkynt det til neste —

Norge du gamle, du harde og milde, vi fekk i arv —
kor vi er glad i dag Norge, og vi kjenner din tarv.
Av det vi har fått vil vi røkte det beste.
Vår ætt skal gje arven over til neste.
Audmjukt vi bed til den Høgste i denne vår,
at det mørket som rådde i tusunder år,
aldri må kome tilbake — —!

LINDA — intervju med ei songarinne



Jølst har fått ein prat med den lovande sopranen Linda Øvrebø. Ho er ekte jølstring, oppvaksen i Bøafeltet på Vassenden som nr. 2 av fire søsken. Ho kjem frå ein aktiv musikkfamilie, og har alltid fått støtte og stimulans heimefrå. Ho meiner at utan denne støtta er det uvisst om ho hadde drive med musikk i dag. Ho er i gang med diplomstudiet på Norges Musikkhøgskole. Etter to år der kan ho kalle seg lektor i utøvande musikk, og kan undervise på høgskule.

Etter ungdomsskulen gjekk Linda på musikklinja på Firda Gymnas. Seinare har ho studert på musikkkonservatoriet i Bergen i fire år og teke pedagogisk musikkutdanning. Ho har også arbeidd eit år på teatret som songar og statist, i oppsetjinga «Nordahl i våre hjerter».

—Korleis likte du å vere skodespelar?

—Det var spennande og lærerikt, men eg innsåg mi avgrensing. Eg kjenner nok på at eg ikkje får det heilt til, og trur knapt at dei skrå breidder er noko for meg.

—Du har nyleg vore på turné med folke- og jazzmusikarar. Korleis likar du å syngje folkesongar?

—Det er nytt for meg, og eg likar det betre og betre. Songteknikken min er jo ein heilt annan enn i folkemusikken. Men eg har ei venninne som har drive med folkemusikk, og ho hjelper meg. Eg prøver å gå inn i jobben med den innstillinga at folkesongar er noko alle kan syngje. Dette tykkjer eg er viktig å få fram. Faren er elles at ein ikkje vågar å syngje fordi ein ikkje kan dei rette forsiringar og triller.

Den lokale songskatten har kome lite fram i lyset her i fylket. Kan hende har det ikkje vore nokon stor utøvar innan folkesong her. Når ein byrjar leite, finst det masse stoff. Det er nok også gjort mykje av folkemusikkgruppa for å få stoffet kjent.



—Kva tilhøve har du til folkemusikken?

—Eg har ikkje hatt noko spesielt forhold — korkje eine eller andre vegen. Eg har alltid likt folkemusikk, og har folkemusikkutøvarar i familien, men har ikkje vore aktiv i miljøet sjølv. Eg set pris på både tradisjonell folkemusikk og det Karl Seglem gjer.

—*Song du mykje i barndomen?*

—Eg song alltid! Eg laga songar sjølv. Tidleg hadde eg nok ei klår og god røyst, og folk ville gjerne høyre meg syngje. Det første «offentlege» oppdraget mitt var på juleavslutninga i 1. klasse. Lærarinna spurde om eg ville syngje solo: «Hvor skal du hen, du vesle jente». Det ville eg. Det var liksom heilt rett og naturleg. Klas- sa mi i grunnskulen var kjend for å vere flink til å syn- gje. Eit par veninner, Anita Sandal og Janne Sol- heimslid, og eg, stod i bresjen. Det vart ein del oppdrag gjennom skulen.

På gymnaset tok eg songtimar hjå Målfrid Nydal Hol- sen. Mamma stod bak dette. Ho betalte timane for meg og ivra for at eg skulle få utvikle songrøysta mi.

—*Har du hatt faste mål for framtida heilt frå gymnasti- da, eller har du meir tilfeldig hamna der du er no?*



—Då eg var ferdig med gymnaset, skulle eg i alle fall ik- kje satse på musikken! Eg var skulelei. Musikklinja var veldig teoretisk på den tida, eg vart ikkje inspirert til å halde fram med songen. Eg var usikker — og det var faktisk Dollie de Lux som fekk tilbake gneisten i meg, då dei byrja eksperimentere med pop og klassisk mu- sikk. Eg tok opptaksprøva til konservatoriet. Ein skal gjennom eit visst songrepertoar og ein teoretisk del. Eg kom inn, men først andre året der byrja eg tenkje len- ger fram, og planleggje litt kva eg ville med utdanninga mi. Stadig tenkje eg berre eitt til to år framover, noko som kan vere veldig frustrerande. No har eg to år på musikkhøgskulen framfor meg, og konsentrerer meg førebels om det.

—*Korleis er arbeidsdagen når ein studerer musikk?*

—Førelesingar har eg berre to timar i veka. Elles er det eigenaktivitet to-tre timar kvar dag. Resten er sjølv- øving, så ein må ha sjølvdisiplin! Eg øver gjennoms- nittleg to-tre timar pr. dag. Hovudvekta i studiet ligg på songtimar. Elles har vi forming av musikk, interpreta- sjon og valfag. Dessutan mykje lytting til musikk.

—*Kvifor vart du ikkje pop/rockesongar?*

—Det har vel med stemmekvaliteten å gjere. Røysta mi passar best til klassisk song. Eg likar mykje forskjel- lig musikk, og kunne sikkert ha hamna innan andre musikksgangrar om røysta hadde vore annleis. Musi- kal eller jazz kunne eg eventuelt vurdert. Pop og rock har ikkje vore inne i biletet.

—*Kva for eit språk likar du best å syngje på?*

—Eg føretrekkjer norsk, fordi eg kjenner det språket best. Deretter engelsk og tysk. Eit problem er det at eg ikkje kan fransk, der er det mykje flott litteratur! Neste steg vert nok å lære fransk. Det er viktig å ha kjennskap til språket ein syng på, for å toneleggje orda rett og ha kjensle med kva ein syng.

—*Korleis likar du å syngje på nynorsk i høve til bokmål?*

—Det fell meg naturleg å syngje nynorsk. Eg har ar- beidd ein del med Grieg sin musikk til Vinjetekstar, og fått ros for framføringa. Men eg tenkje sjeldan ny- norsk - bokmål når eg syng. Det smeltar i hop med songen, som vert det tredje, overordna språket.

—*Korleis greier du å halde på dialekten i byen?*

—Eg trur eg knota mest første året eg var vekke! Det flyt nok litt ut enno — eg plukkar opp eitt og anna by- ord. Det kjem også an på kven eg snakkar med. Men kvar gong eg kjem heim, får eg ein ny dose nynorsk.


—*Kva driv du med om 20 år?*

—Huff, det var vanskeleg! Eg får ofte spørsmålet: «Kva er draumen?» Eg kan ikkje svare på det. Men eg håper eg er lukkeleg.

På spørsmål om ho ønskjer seg til utlandet, svarer Lin- da at ho ikkje har noko spesielt ønskje om det, men heller ikkje motførestillingar. Skal ho syngje opera, må ho utanlands, men ho trur ikkje det er det ho skal. Ho tenkje seg helst Noreg i lengda.

Til slutt har ho ei oppmoding til sambygdingane sine. Ho vil slå eit slag for den levande musikkformidlinga. Plate og radio, fjernsyn og video kan aldri måle seg med det å oppleve songen og musikken ved sjølv å ve- re til stades. Julehelsing frå Linda til alle jølstringar: Gå på konsert!

Ingrid Søyland Hope



Dampskipet Skjold for full stim utover Skei's-bukta. Er det eit siste takk-for-meg-støyt i fløyta? Diverre er både fotograf og tidspunkt i skrivande stund ukjent.

Dampskipet Skjold

— eit 100-års minne —

Av Bjarne Befring

*Og vatnet i Jølster er mektigt og stort
der seiler et dampskip så hurtig og fort.
Kapteinen som styrer er læraren Fonn,
og båten han heiter jo damskipet Skjold.*

Dette «diktet» er vel ikkje særleg stor kunst, men det har levd i minnet i rundt 60 år, og overlevd to verdskrigar mellom anna. Eg kan heller ikkje gjere greie for kven diktaren er, men eg hugsar at det gjekk an å synge det på ein tone i 3/4 takt.

Det var i sommar det dukka fram att i samband med at kultursjefen i Jølster spurde om eg kunne klare å finne ut kvar det var blitt av gamle Skjold. Dette sidan at der har versert rykter om at den skal liggje søkt ein eller annan stad på sørsida av Store Lungegårdsvann i Bergen. Så kanskje var det her den gamle veteranen skulle enda sine dagar?

Det som er sikkert er at det var i Store Lungegårdsvann karrieren tok til. Det som mange av oss hugsar som dampskipet Skjold, gjekk i rute mellom Store Lungegårdsvann og Kaigaten ved Lille Lungegårdsvann under namnet Fløen fram til for omlag 100 år sidan. Den 3. des. 1890 vart nemnleg A/S Jølster Dampskipsselskap stifta med ein aksjekapital på 8.900.- kr. og med eit styre på 5 mann. Det var desse 5 som kjøpte ds. Fløen, som med ei lita ombygging gjekk for eigen maskin til Førde. Her vart maskinen demontert for at båten skulle bli lettare å frakte over land. Det vart laga ei spesiell vogn med seks akslingar med omlag 30 cm breie jarnbeslåtte trehjul. Og som hjullager vart nytta fleskesvor. Mange, både firføtte og toføtte fjordingar, måtte til for å frakte båten til Vassenden etter dei smale og skrale grusvegane. Så det er ikkje å undrast på at ferda tok mange dagar. På Vassenden vart så maskinen monterert på plass igjen, og båten fekk namnet Skjold. Og for eitt hundra år sidan i som-

mar vart båten sett inn i rute mellom Skei og Vassenden. Litt av eit storhende. Ikkje rart at folk langs ruta sprang for å få ein glytt av dette tekniske vidunderet. Og ekstra stor stas var det nok når kapteinen gav ein støyt i fløyta så det ljoma i Jølstrafjella.

Om sommaren når veret var fint, var det folksamt på dekket med turistar frå mange land. Men damene måtte halde seg under dekk, for ikkje å få sot på dei fine kleda sine. Båten var ikkje noke særleg stødig, så det var viktig at dei 60 passasjerane den kunne ta med var mest mogeleg likt fordelte på båten. Då ei fin frue mista hatten sin overbord, heldt det på å gå gale fordi mange sprang over på eine sida for å sjå.

For turen frå Vassenden til Skei, betalte turistane 1 kr. for vaksne og 50 øre for born. Men bygdefolket slapp med det halve. For bergensarane var dette vanskeleg å godta, og mange tok til å leita i gamle ættebøker for å finne slekt attende til Jølster, og så freiste å få redusert pris. Billegast slapp dei som gjekk og las for presten. Her må det vere på sin plass å nemne at dersom det var trangt om plassen, måtte bøndene ofte ta til takke med maskinromet. Der kunne det nok bli i varmast laget om sommaren, for det seiest at båten brennde opp eit mål ved i timen!

Båten brukte to timar på turen mellom Skei og Vassenden. I høysesongen hadde den eit mannskap på tre. Elles var kapteinen også styrmann, og maskinisten var og fyrbøtar. Båten hadde berre to stoppestader, men det var høve til å gå ombord frå småbåtar undervegs dersom ein varsla kapteinen på førehand. Dei som gjekk for presten, fekk vere med til Hegnes, og presten, som hadde for vane å halde på med formanninga i lengste laget, kunne midt i Fadervåret spørje:

Ser de noke til dampen, ongar? Dette trass i at Skjold var nokså presis i ruta. Såleis var det på tide for budeia å fare til stølen når Skjold gjekk siste turen for dagen.

I Årdal var det bygt eit stort naust som båten låg i om vinteren fordi isen på vatnet hindra båtferdsle. Og så kunne ein då og kome seg snøgt fram med hest og slede vinterstid. Og billegare.

I 22 år tøffa Skjold i denne ruta og frakta tusenvis av turistar og bygdefolk mellom grendene i Jølster. Men eit nytt teknisk vidunder, bilen, var på rask frammarsj. Dette sette fart i vegbygginga, og snart tok rutebilane over markedet. Såleis vart 1913 siste året med dampskipsrute mellom Skei og Vassenden. Då vart båten seld til 5 bønder i Kjosnesfjorden som dreiv dampskipsfart i heile 24 år, mest som kyrkjerute. Men her og kom flinke jølstringar og på ufatteleg kort tid bygde ein like ufatteleg billeg veg til Lunde. Og for andre gong, eller kanskje er det rettare å seie for tredje gong, kom vegane og bilen og utkonkurrerte dampbåten Skjold. I 1943 gjekk Skjold den siste turen på Jølstravatnet. Båten vart kjøpt tilbake til fødebyen Bergen. Men undervegs til Førde kom det fram at kjøparen var konkurs. Dermed vart båten liggande i Moskogen til etter krigen. Då gjekk turen vidare til Bergen, der den i ein del år gjekk som slepebåt før den skal ha blitt lagt i opplag på Møllendalsida i Store Lungegårdsvann til den gjekk til botnar. Stemmer desse rykta, ligg vel restane under utfyllinga i vatnet. Er det nokon som veit noke om dette, er eg takksam for melding i telefon 05-24 07 17 eller adr. 5262 Arnatveit.

Kjelder: Dampskipsfart i Jølster av Rune Vagstad frå «Skipet» utgjeve av Norsk Skipsfartshistorisk Selskap.

Gamle ordtak

Anna Fonn

Det duger ikkje uprøvd.

Når ein prøver alt so veit ein alt.

Det er ikkje vanskeleg å skjære breide reimar av annanmanns skinn.

På seg sjølv kjenner ein andre.

Saka mann kjenner seg sjølv.

Som mannen er til so gjer han til.

Dei gjerer kvar av si ære.

Den som grev ei grav for andre, fell ofte i ho sjølv.

Det er for seint å snyte seg når nasa er vekke.

Tjuven trur kvar mann stel.

Skjær vidja når du ser ho, so treng du ikkje gå ekstra når du har bruk for ho.


Den som ikkje et seg mett, sleikjer seg ikkje mett.

Kyra svelte i hel medan graset gror.

Måtar å helse på før i tida

Når dei møtte nokon på vegen, sa dei: «Godt mot» eller «godt i møte», og svaret var «takk». Gjekk dei forbi nokon som stod på vegen eller sat att med vegen og prata, sa dei «stå i god fred», eller «sit i god fred», eller «ver i god fred». Og då var svaret: «Kome so te». Og når dei kom inn i ei anna stove, sa dei «gumåren» (god morgon), «gudag» eller «gukveld», og når dei gjekk att, sa dei anten «god natt» eller «farvel» eller sume gamle sa «fare vel». Og kom dei inn medan folk sat og åt, sa dei «signe maten» eller «signe spisen» eller «velbekomme».

Og når dei kom, og det var nokon som arbeidde med eit eller anna ute eller inne, so sa dei «Signe arbeidet». Svaret var som oftast «takk». Men var det eit veldig trasigt og langdrøge arbeid, svara dei gjerne: «trur du det er signande?» eller «eg veit kje om det er signande».



BJARNE RIPE

— husflidsmann med bandsag og pussemaskin

Tekst og foto: Kåre Lien

Det er kjekt å kome inn i verkstaden til Bjarne Ripe i Svidalen. Her er lunt og koseleg, og ein må berre sjå seg rundt på alle dei fine tinga: lysekruner i tre, små, detaljrike traktorar, spreke fjordingar, klokkekassar, skrin og øskjer, klatrebamsar med fine strikkaplagg og fleire figurar i tre.

Jølst sin medarbeidar gløymer nesten å lage intervju. Han får lyst å handle og har allereie bestemt seg for å kjøpe traktor med gyllevogn. Men traktorkjøpet må vente, fyrst må vi vite korleis denne produksjonen starta.

Bjarne Ripe set seg godt tilrette og fortel:

— Eigentleg starta det då eg som 14-åring fekk sommarjobb på penalfabrikken. Der fekk eg lov å eksperimentere og å utfalde meg med arbeid i tre.

16 år gamal vart eg dreng hjå Toralf Hammar på andre sida av vatnet. Dei dreiv mykje med husflid, og om vinteren hadde dei høvelbenk i ei krå ved omnen. Der var vevstol og der var stabbe. Og vi grov tresko, laga halmtøflar, tova tøflar og laga sopelimar. Det var ikkje mykje tid ein hadde å fare ute og reke.

I veahuset hadde eg ein litt spesill stabbe. Toralf kalla han for Bjarnestabben. 30 år seinare vitja eg Toralf.

Han var då nesten 90 år. Eg vart no med han ein tur ut i veahuset, og der stod jammen Bjarnestabben. Ja, eg skulle få stabben, sa Toralf, og eg skulle lage ein figur av stabben. Det einaste kravet han sette var at han ville sjå figuren.

— Og kva slags figur laga du?

— Eg skar ut eit ektepar. Eit par som kanskje såg litt molefonkne ut. Seinare bytta eg figuren bort i ein bil, ein Fiat 850. Eg dreiv og forhandla med ein bilseljar i Førde, og så stakk han innom her ein dag. Ekteparet sat i loftstrappa, og figuren ville bilseljaren absolutt ha. Ja, ja, sa eg, då må vel figuren vere verdt ein bil. Og slik vart det. Bilen var taksert sine 8—9000 kr, så godt nøygde var vi begge to.

Etter dette året på Hammar var eg hjå Johannes Løset eitt år. Han hadde snikkarmaskin, ei kombinert maskin som ikkje var vanleg i dei dagane. Om haustane reiste han rundt og treska for folk, og elles på vinteren laga han glas og dører. Om kveldane fekk eg ruske på i kjellaren. Der var dreiebenk, og der var styr og vesen. Både Toralf Hammar og Johannes Løset var så positive. Når dei såg at du fekk til noko, så skulle du prøve det. Dei var ikkje redde for å la meg styre på.



Ripe viser fram to fiskeharper frå tida hjå Johannes Løset. Han dreia ei heil mengd den vinteren, og dei vart sende til husfliden i Bergen.

— Etter denne læretida, fekk du så halde fram med trearbeid?

— Nei, det vart anlegg, vegvesen og Svelgen. Då var eg 18 år. Noko arbeid med tre vart det ikkje, men eg teikna og måla litt. Eg var på eit teikne- og målarkurs i Telemark, og etter det har eg ikkje teke i ein pensel. Nei, eg får seie som han sa guten då han kom på skulen: No fyrst forstår eg at eg ikkje forstår noko slag!

Kanskje var det dumt å slutte og måle, for eg hadde mykje glede av det. Ein kjenning gjekk forresten inn for at eg skulle byrje på Statens kunst- og handverksskule. Plass fekk eg, men det kosta mykje pengar, 5000 kr for to år. Eg søkte om banklån, og det var greitt, berre eg skaffa meg to kausjonistar. Det vart ordna, men enden på visa vart likevel at eg ikkje fekk lån. For då søknaden skulle handsamast i banken, hadde styret fått greie på at det var på kunst- og handverksskule eg skulle. Og det var lite klokt, tykte dei. Det vart kompressor og boremaskin i staden for. Det bar til Svelgen

med meg. I 28 år var eg der. Etterpå var eg 8 år i Stalkaldefossen.

— Då var det eigentleg nokså tilfeldig at det vart anlegg i Svelgen og ikkje kunst- og handverksskule?

— Eg vil påstå at det er tilfeldigheter som har styrt heile livet! Du kan seie at to minutt seinare der, og to minutt før der, så hadde heile tilværet vore annleis. No skal du høyre:

Eg var i Svelgen den sommaren og jobba på vegvesenet. Men hausten kom og arbeidet tok slutt. Vi kom heim i midten av desember og var heime til over jul. Så bar det til Florø på sildelossing. Vi reiste eit lag frå Jølster.

Vi kom til Florø, og der var ikkje kome noko sild. For å få tida til å gå gjekk vi på kaiane, såg etter jenter, såg etter kjentfolk.

Ein kveld vi kom ned på kaien, såg vi han som var driftsingeniør på verket i Svelgen. To minutt seinare, og han hadde vore gått ombord i båten. Han stoggar og ser på meg, spør om eg arbeidde på vegen i Svelgen, spør om eg har arbeid. Eg seier vi ventar på sild. Nei, hent sakene dine og bli med til Svelgen, seier han. Du skal få arbeid på verket. Det med sild er ikkje noko for deg! Så eg for til Svelgen på nytt. Det vart 27 år.

— Når starta du produksjonen i Svidalen?

— Det var i 1985. Og det fyrste produktet mitt var ei lysekrone i tre. Slike kruner lagar eg enno.

— Kan ein kjøpe trearbeid her hjå deg, sånn direkte?

Og eg får vite at det går godt an. Ripe fortel at her om dagen kom eit ungt ektepar inn i verkstaden. Dei fortalte at dei hadde ei bestemor som vart åtti år. — Ho har alt. Kva trur du vi kan gi henne? spurte dei. Bestemora fekk ei klokke i flott snikkert klokkekasse, og med namnet sitt inngravert.

Noko av salet føregår på denne måten. Folk stikk innom og kjøper julegaver, eller dei kjem og tingar ein bestemt ting. Andre let snikkaren sjølv kome med ein gåveidé. Bjarne Ripe har mange faste kundar, men han produserar og for sal andre stader. Tinga hans vert selde bl.a. i Dale, på Byrkjelo og i Fjærland.

Dessutan kom LOG - landsorganisasjonen for gartnarar — inn i biletet. Dei ynskjer ein del nye produkt, så Ripe leverer varer til dei og.

Han fekk og tilbod om å skaffe 9000 klatrebamsar til olympiaden i 94.

— Men den utfordringa hoppa eg av. Må jo leve mens eg skulle gjere dette. Og når eg ikkje fekk ut pengane før i 93, så svalt eg i hel. Nei, eg leverer det eg kan klare.

— Korleis bestemmer du deg for kva slags produkt du vil lage?

— Ja, eg sit no her og funderer. Om søndagane hender det eg tenkjer ut noko når veret er dårleg. Eg har og samarbeid med andre husflidsfolk og vi kan tenkje ut ting saman.

— *Kan du seie noko om rutinane ein vanleg arbeidsdag?*

— Nei, ingen dag er like. Helse er stundom skral, og eg kan vakne klokka tre om natta og gå opp i verkstaden. Så jobbar eg ei god økt. Det vert ei økt midt på dagen, og gjerne ei om kvelden. Frå klokka åtte og utover.

— *Korleis er kontakten og samarbeidet med andre husflidsfolk?*

— Kontakten og samarbeidet er godt. Eg er med i Midtre Sunnfjord Husflidslag, og har mange vener og kjentfolk der. Eg kan nemne Tor Vistnes som lagar knivar, Bjarne Brendehaug i Stryn som driv med steinarbeid, Erling Aven med lagging, Kåre Aasen med trearbeid og Alfhild og Einar Eldal med rosemåling og trearbeid for å nemne nokre. Og kona hjelper til med mykje, strikkar klede til klatrebamsane, jobbar ein del i verkstaden og hjelper til med salet.

— *I tillegg til trearbeid har du og laga faner. Korleis føregår dette arbeidet?*

— Ja, det har vorte 11 faner i alt. Faner for bl. a. Jølster Musikklag, Vassenden skulemusikk, Svelgen skulemusikk, Førde Jern og metall og Jølstrakoret. Det er gjerne ein komite for arbeidet med ei fane. Eg lagar utkast, og komiteen vurderer utkasta. Kona mi syr fane. Margot Fjellkårsstad har og hjelpt til med syinga. Reidar Fjellkårsstad lagar fanekassane og opphenga.

— *Er det lett å drive husflid i Jølster?*

— Her i Jølster er det mykje å gripe tak i med omsyn til husflid. Med små midlar kunne ein fått ei stor utvikling i bygda. Men frå kommunen si side vert det satsa for lite. Jølster som liksom skal vere ein kulturkommune bør satse mykje meir på husfliden.



Vi tek ein pause i praten så denne siste utsegna får tid å festne.



Eg ser meg rundt, fotografere, er imponert over kor ryddig det er i verkstaden. I ein snikkarverkstad skulle ein vente å finne mykje pussestøv og spon. Men det ser ein ikkje her. Rundt i verkstaden er ei heil mengd ulike produkt, og alle er utstuderte og pent laga.

Det er vorte sein ettermiddag. Over Middagsfjellet heng lette skyer, men snart er dei borte i mørkret. No vil eg handle traktor med gyllevogn.

— Men lukta lyt du få på sprayboks, seier Bjarne Ripe.





Då framandorda kom til Jølst

Av Anders P. Sægrov

Dei gamle hadde eit rikt uttrykksmiddel — eit fargerikt språk dei var vel hjelpne med, men det kom so mykje nytt til på so mange omkverve. Og so fekk ein trong for nye ord.

Då vi fekk formannskapslovene i 1837, møtte jølstringane to framandord: Representantar og supleantar. Dei som hadde røysterett, fekk i allefall med desse ting å gjere. Og dei tykte vel at det var rare ord. Sidan gjekk det slag i slag, stendig kom det nye ord inn i språket.

I 1858 tok amtsbåtane til å pløgje fjordane våre. Då vart det sett opp «rute», og so underleg det kan høyrast ut, var ordet rute eit framandord, den tid. Og folket her i bygdene trudde vel at når «dampen» skulle vere i Førde torsdag t.d., so måtte ein lite på det. Men det låg nok ikkje so godt til rette med ymse ting, so «dampen» klarte ikkje å halde ruta. Ein stardøling som var komen til Førde med ein ukse som skulle til byen,

spanderte ei hel veke. Etter slike hende måtte folket få den tokken at ordet rute var noke upåliteleg. Men etter kvart vart nok rute det det skulle vere, det veit vi.

Men det var ikkje fritt for at rute kom litt i vanry for andre gong då Firdabilane tok til å fare vegane i Jølst. Eg skal ta fram eit referat frå ei samtale mellom to karar på Sørsida: «Kor æ da, kjeme ikkje bilen i dag, da æ no i dag han har rute». «Nei, dei seie han kjeme ikke, han har *fungert!*» Eit hjul på bilen hadde punktert, og sjåføren måtte lappe og lime. Ordet punktert var ikkje bruk for her med berre dei solide kjerrehjula trilla på vegane. På den tid var det helst berre dei som hadde sykkel som brukte ordet. Og sykkelene var ikkje kvar manns eige.

Då Helgheimskyrkja stod blank og nybygd i 1877 og folket pusta ut etter eit tungt tak, fekk dei eit framandord med på kjøpet. Det var ordet «*sakrestiet*». Før den

tid stod stod der ei einsleg stove nede på Sanden, dei kalla «prestestova». Denne stova vart no avløyst av sakrestiet. Det hadde vel vore naturleg å kalle dette romet presteromet eller prestekoven. Men sakrestiet skulle det heite. Og alle folk forstod fort kva ordet stod for. Men når det var tale om sakrale bøker, eller sakrale ting, var nok folk meir i villreide.

Folk som hadde vore ut om bygda ei tid, kom òg gjerne dragande med noke nytt. Ei jente som hadde vore i teneste på Strilelandet ei tid, hadde nok fått kjennskap til ymse som var ukjent her. Ho kunne mellom anna fortelje at på Strilelandet bruka dei soda på kjøtet. Då dette kom ut, vart ho sjølvsgatt utledd. Dei som var på jakt etter noke å le åt, hadde det godt lenge. Det var sjølvsgatt sos ho skulle sagt. Men vaskemiddelet soda var ogso nytt då, og det er vel forklaringa på mistaket. At ho Malina kanskje var første i Jølst som laga sosekjøtt, skulle ho vel havt påskyning for?

Då eg tok den første byturen min i 1933, vart det nok for meg «heimeføding» ei oppdagingsferd. Eg budde trygt og godt hjå slekta. Men eg kom ikkje lengre enn inn om ytterdøra, før eg møtte eit framandord som var nytt for meg: «Entredøra og entrenøkkelen», var det snakk om. Men eg skyna fort kva det var for noke. Då var det verre å forstå nokre skilt med 4 bokstavar på, som eg fann fleire stader nede ved bryggjene. *Taxi* stod der. Det ordet grunda eg lenge på. Eg torde ikkje spørje heller. Og ordet vart ei gåte for meg lenge. Men so fekk vi taxi i Jølst og, veit de. *Men det hadde vel ikkje vore umogeleg å oversett dette ordet til norsk?*

Men aldri har framandorda sett slik støkk i meg som første dagen min i storskulen. Det var i norsktimen. Ein av dei flinkaste gutane i klassa, skulle analysere ei setning som var skriven på veggtafla. Det hagla rundt øyro med framandord som subjekt, predikat, objekt og kompliment. Guten gjorde greie for kva ordklasse orda høyrde til. Dei kom omsider til eit verb. Bøyg det! sa lærarinna. — Aldri hadde eg høyrte gjete at eit ord kunne bøygast! Og eg såg vel etter, men korkje ordet eller guten bøygde seg. Den gongen gjekk det opp for meg at eg ikkje hadde fått tak i ein tusandedel av kunnskapen som fanst i verda! Uverdige, motlaus og liten i meg sjøl for eg heimover den ettermiddagen.

Eg har fått oppleve at gramatikken har sett støkk i fleire enn meg. Men det var 10 år seinare. Vi hadde ein kveldskule her nokre timar for veka. Ein velhalden mann eg kom i prat med, kom med harde utfall mot dei som fekk slikt i gang, og bruka skattepengar til slikt. Eg kjende meg saka, og eg motla mannen noke i dette. «Lærer de noke då?» sa han. «Ja», sa eg — «vi lærer mykje». «Kva har de no lært då?» Kva skulle eg svare? Då greip eg til gramatikken. «Ja, vi har no lært kva infinitiv er for noke», sa eg. Mannen sputta langt bort om skotåa, snudde og gjekk frå meg. Den arge skattebetalaren meinte vel som så, at infinitiv hadde han al-

dri havt bruk for i si tid og skulle klare seg det forutan resten av si levetid!

Men det meste av framandorda fann jølstringane i avisene, og etter som tida gjekk, og dei møtte orda nokre gonger, lærde dei å forstå kva dei tydde. Men vi som fekk orda inn på denne måten, lærde ikkje den rette uttalen. Og om noken hadde våga å sleppe slike ord over leppene her i bygdemiljøet, hadde dei vel vorte rekna for å vere ein brillestut, for jantelova er strengt handheva i slike små samfunn. Men i kommunestyret kunne nok vanke eit og anna «gullkorn».

Ein gong vi drogst med ei underleg fillesak som vi ikkje fekk tak på, var det ein som tok ordet og sa at her måtte vere ein *inkurie!* Det er berre ein gong i livet mitt eg har høyrte det ordet.

Då radioen vart allemannseige, fekk vi lære å uttale desse vanskelege framandorda. Og då var ikkje folk so redde for å bruke dei lenger. Det er vel so, at det er helst no etter siste krig det har braka laust. Det kjem seg noke av at folk har meir utdanning no. Og mange av desse orda er komme for å bli — av di vi har bruk for dei. Her er kome so mykje nytt til — no i romalderen. Men når vi tek i bruk framandord der dei gamle norske orda er vel so gode, då *syndar vi mot ho mor*. Det er noke vi godt kan tenkje på å vare oss for. Eg skal ta med nokre ord her som eg meiner vi ikkje treng bruke av di vi har so gode norske ord vi kan bruke: seriøs, frustrert, ambisjon, indignert, indikasjon, kreativ, nostalgisk, rutine, informasjon, triviell, klimaks.

Og så til slutt vil eg ta føre meg eit ord som er alt for mykje brukt no: Og det er ordet *jobbe*. «Han er utan jobb», eller «vi har jobba mykje med det i det siste». Vi har eit gamalt godt ord for dette omgrepet som vi ikkje treng å forkaste: Og det er ordet *arbeid*. Det er med arbeid vi har overlevd og skaffa oss levemåten og levelege kår. Arbeid har vore velgjerande både for kropp og sjel — *ei velsigning for menneska*.

Ordet *jobbe*, det minner oss om «jobbetida» under første verdskrig. Ei tid med vetlaust pengebruk, som førde med seg eit usunt livsmønster. Det minner oss om bankar som gjekk konkurs, om trufaste slitarar som miste alle sparepengane sine. Etterverknaden av jobbetida sleit vi med fram til andre verdskrigen. Det er ikkje noken glans over ordet *jobbe*. Ein må undre seg over kor det har seg at det har fortrent ordet *arbeid*.

Arbeid sa dei då vi voks opp, vi fekk tidleg røyne kva det ordet stod for. Og ver visse på at det vert arbeid som må berge oss på ny!

Ordet arbeid høyrer heime i målet hennar mor. Lat oss ta vare på det, det er vi som skal gjere det, ingen andre en vi.

Unge pennar

Dikt frå 8. klasse ved Vassenden skule

Jølst presenterer i år ein bukett elevdikt. Dikta er skrivne i løpet av hausten 90 og våren/hausten 91.


Desse 22 dikta kan grupperast i tre ulike former for dikt. Det er femradaren, haiku-diktet og kortdiktet.

Femradaren er eit kortdikt på fem linjer. Første linja er på eitt ord, sjølv emnet. Andre linja er på to ord, skildrar emnet. Tredje linja er på tre ord, fortel om handling. Fjerde linj er på fire ord, skildrar kjensla for emnet. Femte linja er på eitt ord, tek opp att emnet.

Haiku er ei gamal japansk diktform. Eit haiku-dikt er på tre linjer. Fyrste linja har fem stavingar, andre linja har sju og den siste har fem. Den siste linja skal gjerne skape ein kontrast til dei to fyrste.

Kortdiktet har ikkje så faste reglar. Diktet skal fange inn stemningar, kjensler og tankar i ei konsentrert form. Lesaren kan dikte vidare.

K.L.



Em. Kristin Svidal

LYKKE

Eg treng ikkje pengar
og eit digert hus.
Eg er lykkeleg med familien
og min vesle pus.

Anne

JØLST

Juledag vil seie
juleheftet Jølst.
Det er bra
og eg vert glad!

Wibecke

REGN

Ute er det stygt
Regnar heile dagen lang

Vil vere inne

Lillian

JULETREET

Juletree
høgt, fint
har pynta seg
spanande pakkar under pynten
Juletree

Bjørn Tore

JØLST

Jølst er ei fin bygd
fjell og dalar
fin natur
vi må ta vare på Jølst

Svein Ove

Eg sykklar ofte
då sparer eg masse peng

for bussen er dyr

Andre

Sykle
frisk luft
det er gøy
det gjer meg kjempeglad
sykle

Vidar

VARME

Inne er det varmt
Inne er det fint og varmt

Ute er det kaldt

Jan Arne

Vener

Kjempe fint
Godt å ha
Utan er det fælt!
Vener
Benedicte

Sommaren er slutt.
Kulde. Frys neglene blå.
God jul! Godt nyttår!

Arnhild

Sola

varmar godt
Vi solar oss
Ho er gul og god
Sola
Anita

VÅRE GLADE INNBYGGJARAR

Innbyggjarar i Jølster
som alltid har humøret på topp
seier ofte: Nei til EF!

Cato

Tenk om det vart krig
og ingen møtte opp.

Roger

Eg likar pølse

Julepølse er godt
Pakkar er spanande

Kva får barn i Angola?

Dan Frode

SJOKOLADEKAKE

Sjokoladekaka
smaker godt
Kakao, sukker, mjøl
Den gjer meg smellfeit
Sjokoladekaka

Ann-Lisbeth

Risk er eit fint spel

Det tek lang tid å spele

Men det er for dyrt

Øystein

Eg ser på fjernsyn
Det er litt for kjedeleg
Difor går eg ut

Per Ivar

SKULEBUSSEN

Skulebussen
Humpar, skumpar
Fraktar oss heim
Eg dagdrøymer heile vegen
Skulebussen

Ragnhild

HAUST

No er hausten her
Blad fell og fuglane flyg

Stakkars vesle makk!

Rannveig

Eg hadde ein katt.

Den var svart og kjempesøt.

Tenk, no er han borte.

Hege

LOMMEBOKA

I ein liten lomme
i ei lommebok
ligg det noko berre du veit om
....noko hemmeleg

Eva Kristin

VISKELERET

Viskeleret
er ein rar ting
Det lever av
andre sine feil.

Marion





Om hestar som haptar

Av Daniel Dvergsdal

Når TV har opptak frå veddeløp, kan ein ofte sjå at ein av hestane set av garde i lange byks med alle fire føtene i lufta samstundes. Han galopperer eller går i galopp som det heiter i travspråket og ridespråket. Dette ordet er nytt i jølstramålet, men sjølv sprangmåten vert praktisert like godt av ein knøten fjording som ein stolt arabarhest.

Sjølv hugsar eg dei store hestedriftene som brukte å samlast på den vide, skogsnaue elvasletta på Løgarden, der eg voks opp. Rett som det var, for det som ein rykk gjennom heile flokken, og dermed sette dei av stad i villt tan. Vi sa at hestane hapta. Kyr og kalvar kan og hapte dersom dei vert oppøste.

Verbet **hapte/hafte** må vere avleidd av inkjekjønnsordet **hapt/haft**, norrønt **hapt**. Det var namnet på ei lekkje eller eit band som dei feste mellom frambeina på ein hest (stutthapt). Hesten kunne då berre komme seg fram med å hoppe på alle fire bein. Ein annan måte var å hekte ei lengre lekkje mellom eine frambeinet og tilsvarande bakbein (langhapt). Då kunne hesten gå

sakte. Føremålet med begge måtane var å hindre hesten i å gå for langt på uinngjerda mark, t.d. på stølen.

Andre stader i landet, m.a. i Troms, har dei nemninga **helde, korthelde** og **langhelde**.

Skikken med å nytte hapt, er borte i Jølster i dag, og truleg i heile Sunnfjord. Men ein treng ikkje å gå så langt attende før ein finn han. I første halvdel av 1800-talet samla stiftamtmann Christie inn tilfang til sitt **Norsk Dialect-Lexicon**. Frå Sunnfjord fører han opp **Bøxa-hoft (-haft)**, og forklarar det slik: «en Indretning hvormed en Hestes Forbeen bindes saaledes at Hesten kun kan gaae langsomt eller hoppe med samlede For- og Bag-Been».

Ross (1895) har verbet **hafta**, «hoppe med Fødderne tæt sammen som i en Hilde» (Ytre Sogn og Sunnfjord). Her ser vi at hovudvekta vert lagd på sjølv beinstillinga, og det er den vi legg merke til enten vi no talar om å galoppere eller å hapte/hafte.

Helg i oktober

Dei var knapt smidde på same stuvén, han Bendik og Johnny'en, men dei gjekk godt i hop.

Nett no slo han Bendik att døra inn til den grønsåpevaska laurdagen. Han la bak seg lukta av reint treverk og fjøsle i gangen. Det hadde vore helgefreden hans det, før. Saman med laurdagsgodtet, Donald Duck og folkmusikkhalvtimen.

No tok han fram sykkelen og bøygde seg mot oktobervinden. Trødde den velkjende vegen bort til Johnny'en i byggefeltet.

Der pusta dei ut i sofaen under plakatané, mellom kassetane og høgtalarane. Endeleg helga! Ferdige med maset, oppgåvene, forventningane. Helga var heva over kritikk og krav. Den var ein fristad, som før når ein leikte «alle mann i hus» i klåre skumringskveldar. Laurdag ettermiddag nådde dei inn i sitt frihus bak døra på rommet.

Han Johnny trong elles fridomen sin litt ekstra, han. Han var liksom aldri god nok til nokon ting, heime.

«Sjå på dei andre», sa mor hans støtt, «korleis dei gjer det». Så sukka ho og sette seg i stolen ved glaset, der askebegeret stod.

Han Johnny krangla visst ikkje heime. Han var ferdig med det. Han berre hardna mellom herdablada når han gjekk.

Han Bendik og Johnny'en fekk vere med dei store karane på fest. Kjørde gjennom haustmørket i den store, kvite bilen. Røyklukta sat stramt i fløyelssetetrekka. Musikken dundra dei framover den våte vegen. Drog dei fram etter det suget dei hadde inne i seg. «Blir det damebein på deg i dag då, Bendik?» Flaska gjekk rundt med det same. Han nytta høvet, tok ein stor slurk og svarde ikkje.

Dei fór frie fram gjennom laurdagskvelden. Svinga seg gjennom mørket, inn i gatelysta. Flimra forbi dorske stoveglas, hus fyllte av ovnsvarme, fjernsynsskjermar og djupe stolar. Pizza og brus, sovande barnepust, engstelege morstankar skottande ut til dei på vegen. Ei uro frå stolen ved glaset, ei taus bøn om ikkje å få laurdagskosen splintra.

Men dei køyrer vidare, vidare. Dei er fri. Inn i sentrum. Forbi lysreklame og utstillingsglas: Bik Bok, Fashion mote, fast lågpris på mjølk, «kjøp nye gardiner nå!» Dei svingar opp til gatekjøkenet. Dampen av pommes frites og kylling står ut gjennom luka, blir slegen til jorda av mørkt oktoberregn. To konfirmantjenter står og hutrar under takutsticket, elles er det tomt.

Dei skur opp musikken, handlar kylling og Cola og

pølse i stappe, køyrer vidare med jenteblikka i nakken. «Nei, no må vi hente dama!» Bjørn'en tømmer pilsflaska og er klar. Opp i byggefeltet, forbi garasjer, teakportar, plenar, lamper, sprosser, innkøyrslar, portalar, hagegangar. Dama kjem og blir losa inn i baksetet.

Han Bendik får ei ny verd inn på sida av seg. Det stryk mot han av langt hår, støvletter og øyrepynt. Parfymeren er framand og sterk. Han grip til ølkassen på golvet. Dei køyrer igjen. Han Bendik har jentelåret på høgre sida, og han anar utan å sjå korleis handa hans Bjørn søkjer omkring henne. Musikken er på, og stemninga er ny no.

Det er då han Asle slepper siste nytt. «Har de høyrte kven som har flytta inn nede på Neset?»

Nei, det veit dei ikkje. Brigitte Bardot? «Totalavholds! Gubben sjølv er i landsstyret for Det Norske Totalavholdsselskap!»

«Nei? Skal han stifte lokallag, kanskje?»

Latteren er brun og rå.

Diskusjonen går, høg og indignert.

Dei grip sjansen til å få eit oppheta ordskifte, kappast i å dømme innflyttaren nord og ned.

«Trur han at han kan komme her og tørlegge heile bygda, eller?»

Liten sjanse for det. Flasker blir opna i rein indignasjon, sette til livs som protesthandling.

«Det er ei jente der òg, sånn rundt 16. Skal visst vere ei bra dame. Berre så synd...»

«Ja, stakkars den heidningen som rotar seg opp i noko slikt!»

Festen er eitt av samfunnshuset sine mange andlet. Basarlukta frå kvelden før er pulverisert, splintra av lysblink og gitarriff. Kaffien, kakene, årane, småjentene har aldri eksistert.

Den velvillige, kaffidampande varmen er bytt med klam røyk, tung bassrytme, sikre, søkjande dansetrinn.

Han Bendik og Johnny'en står attmed døra og følger den bølgjande dansemassen med augo. Jenter, to og to, svingande rundt, rundt, ler og eig festen.

«Damene likar at du er bestemt», sa han Bjørn. «Full kontroll — det er det du må ha». Rundt, rundt. Lyst hår, blå dongeribukser, spisse støvletter i dunkande rytme.

Brått står dei der, ho Gunn og den lyse. Ho Gunn ler

mot Johnny'en, den andre støttar opp under. Han Bendik fylgjer med frå sida. Bra dame.

Så er Johnny'en dregen med, og sjølv får han det lange håret i nasen, spørsmålet i øyra: «Vil du danse?»

Vil? Han veit ikkje, men det svingar med det same. Rundt, rundt, duvande tungt i rytmen. Ho er open og leande, håret heng ned over handa hans på ryggen. Han legg rusen sin litt i overkant og kan svinge med, han òg. Fri, uredd.

Ute har det slutta å regne. Først då er det tid for ord, namn. Bendik, bondeson, snart 16. Ho heiter Marianne, er 16 år og har nettop flytta hit. I huset nede ved sjøen, på Neset.

Kjensla var kald og grå då han skjønnte det. Som å gå på fjellet ein forblåsen haustdag og brått komme fram på ein kant, ei gløvre som gaper mot deg.

«Gløym det», sa han.

Men ho ville ikkje gløyme noko som helst. Slett ikkje.

«Det går no an å snakke om det i alle fall.»

Slik gjekk det til at han Bendik vart gåande langsmed asfaltvegen ein kald oktoberkveld og snakke om avholdssak, om fordømmar og livsverdiar og alt dette som aldri skulle ha vore tenkt på ein laurdagskveld. Kan hende var det det lange håret, eller iveren i stemma hennar — han vart i alle fall gåande. Og der oppe i bilen sat Johnny'en med ho Gunn, med ølkassen under setet.

«Nei, eg hadde no aldri drukke heller, hadde det ikkje vore for kameratane, miljøet. Det er berre slik det er, skjønar du!»

Han var enno bra brisen, det gjekk greitt å snakke.

«Klart det hadde vore betre å hatt det moro utan, men kven greier det? Danse og alt?»

Då dei kom attende på siste runda, var det klart: Han Bendik ville aldri ha sett ei ølflaske til sin munn — eigentleg. Han hadde halde handa hennar ei god stund allereie, og kunne ikkje nekte då ho spurde: «Vil du danse meir?»

Han gjekk som ein martyr forbi bilen, hørde Bjørn'en med den aller mørkaste stemma si: «Stakkars den heidningen...»

Men ho var den beste dama han Bendik hadde dansa med. Ho svinga av trygg, levande rytme, og ein kunne sjå henne i augo når ho smilte.

Handa hans under hårmanken hadde det godt, og han såg på henne òg at det stemde. Det var berre å flyte vidare.

«Eg veit ikkje om eg trur på deg» sa ho rett før han skulle gå.

Ja, for korleis kunne ho vite at han meinte det han hadde sagt — når han vart endru?

«Eg hadde tenkt meg ein tur på fjellet i morgon, bli kjent litt. Om du meiner noko med dette, kan du jo bli med.»

Han smaug seg inn i bilen, budd på alt, klar til å ta stormen.

«Bra dame du hadde fått tak i, Bendik. Kven var det?»

Så veit dei det ikkje. Enno.

«Å, det var ei som bur på hybel nede i sentrum.»

«Blir det noko meir, eller?»

«Vi får sjå», sa han Bendik og drog opp ei øl. Han sokk djupt ned i fløyelssetetrekket og let seg dure heimover gjennom oktobernatta.

Sundagen var blank, ein haustdag klår og sterk som stål og solskin. Det var ein av desse dagane når ein kan sjå gjennom alt. Fjella var klåre langt borte, pusten synleg framfor munnen deira. Det var ei hardskoren høgtid, gneistrande i fult før lauvet fall vergelaust av greinene.

Fjellet var stille, budd til å ta imot det nye, bli vinterlandskap.

Den korgule hestehalen hennar likna haustgraset når sola skein på det. Handa hennar var varm når han tok henne.

Sonja Aasen Årdal



Humøret er bra no, men jammen leita det på når det var som stridast, seier Bjørg Åsen.

Kvinnebonde i ein mannsaldar

Naturkreftene har gjort sitt beste for å ta knekken på henne, meir enn ein gong. Dei kunne spart seg. Rak som ei statue står ho planta midt på gardstunet. Den låge oktobersola blenkjer mildt i det sølvgrå håret. Ho myser velkjent med augo. Tenkte å nyte sola litt no, siste dagane før fo gøymer seg for vinteren.

Bjørg har vore einebonde på Øvreåsen i snart ein «kvinnealder». Garden ligg på taket av Myklebust, så høgt og fritt at det undrar oss at ho ikkje er vorten ein del av Nasjonalparken. Bjørg bur einsamt til langt frå naboar, men utsikta er storslegen. Ho kan sjå ned på store deler av Jølster. Storparten av si tid har ho slite i vegløyse. Då var hesten hennar viktigaste hjelpesmann. No er den nye tida komen også til Øvreåsen. Traktor, silo og mjølketank.

Bønder som anna næringsliv slit i dag med svartsyn og haltande økonomi. Dei siste åra har Bjørg bygt om fjøset og drive storstila nydyrkings- og planeringsarbeid. Ho kostar endå til på seg ein open og trillande latter — neste år er eg pensjonist. Ho let EF vere EF, og Øyangen vere Øyangen. No vil ho planere bakkane ovanfor tunet, snu taket på låven og leggje nytt tak på stovehuset. Og eg som trudde kjerringa mot straumen berre var noko ein fann i lesebøkene.

— Nei, det er i grunn vorte meir interessant å vere gardbrukar dei siste åra. Før var det berre so vidt det hang i hop. No føler ein at ein har litt att for slitet, også økonomisk. Men ho skundar seg å leggje til at det kan no sjølvsgagt ikkje gå i lengda med slike løner som folk har i dag.

— *Du Bjørg, skulle ein ikkje overlata til Gud og Naturverforbundet å rå her oppe i fjellheimen?*

— Eg føler at eg har fått ansvar for å ta meg av denne delen av skaparverket i mi tid. Ser det som eit kall å



stelle og forbetre eigedomen etter beste evne. Ynskjer å leve etter regelen om at kvar generasjon skal levere garden vidare i betre stand enn ein overtok han sjølv.

— *Men korleis gjekk det til at du som var kvinnfolk vart bonde. Dette måtte vere svært uvanleg for 40 år sidan?*

— Som ungdom hadde eg stor utferdstrong. Men tida ute vart svært kortvarig. Far døydde på byrjinga av 50-talet. Sidan gjorde sjukdom og dødsfall i søskenflokken at ansvaret for gardsdrifta vart lagt på meg. Dette til trass for at eg var jente og yngst i søskenflokken.

— *Tungt ansvar og mykje slit, men godt humør har du!*

— Eg har igrunn aldri følt det lettare enn no. Skal eg vere heilt ærleg, så var det så tøfft og hardt i ungdommen min, at det ofte var so som so med humøret. Eg hadde tenkt meg anna enn å verte heime, men såg det som ein sjølvsgagd ting å gjere mi plikt. Mor mi levde til -62, men eg hadde ansvaret og måtte ta alle tunge tak. Hugs, vi hadde ikkje køyreveg til gards, ikkje elektrisitet og ikkje telefon. Veg fekk vi fyrst i 1968. I starten såg det ofte så svart ut at eg ikkje såg nokon veg ut av

det. Men eg bestemte meg for å stå på det eg greidde. Så fekk det bere eller breste.

— *Berre det å få mjølka ned dei bratte bakkane kvar dag på all slags føre, måtte vere litt av ein prestasjon.*

— Ein var nøydd, og då måtte det gå. Men ofte var nok lukka betre enn forstanden.

Når ho fortel vidare, tenkjer eg med meg at forstanden nok likevel har spelt ein vesentleg rolle. Ho forklarar korleis ho på holska surra kjettingar rundt slemegane på øvste sida for ikkje å hamne i elvagjelet når ho for ned Næråsbakkane. Eller korleis ho for åt når beitande hest slo (d. v. s. sparka av all si kraft med bakføtene) og skremde både henne og merra. Løysinga vart at ho gjekk med småstein i lommen, som ho kasta etter hesten når han nærma seg.

— *Har du følt deg einsam på Øvreåsen?*

— Eg er glad i å vere saman med folk, prate og danse. No for tida tykkjer det eg går bra, sjølv om eg har forsumt meg, som ikkje har lært meg å køyre bil. Dessutan har eg no telefonen. Men eg innrømmer at samværstrongen ikkje alltid var like enkel å kombinere med pliktene i tidlegare tider. Ho minnest gonger når ho endeleg kom seg ned i grenda etter fjøsstellet, at dei andre alt var reist på fest. Det var ikkje fritt det var litt tungt å legge i veg oppatt bakkane då.

— *Det seiest at du skal ha mykje av æra for at det vart gangs arbeidskarar av alle smågutane frå Myklebust til Sægrov!*

— Eg leigde ofte gutar i slåtten. Dei mest hektiske dagane var vi gjerne 5—6 i arbeid ved siloen. Dei var svært pliktoppfyllande og flinke. At det har gått dei bra seinare i livet, tvilar eg på at eg skal ha noko ære for. Men dei kom frå gode heimar, og det er viktig.

— *Korleis var din eigen barndom?*



Far tok oss ofte med til fjells. Eg er svært glad i å gå i naturen.

— Eg hadde ein god og lukkeleg barndom. Far tok oss ofte med til fjells. Eg har framleis stor interesse av å gå i natur og fjell.

— *Kva er livslukke?*

— Eg er ingen livsfilosof. Men arbeidsglede, forbetre på ting, stå på sin post og gjere si plikt, det gjev meg glede. God helse er viktigare enn det meste. Det skulle vi tenkje litt oftare på.

— *Du har levd nærare naturen enn dei fleste. Ser du noko høgare makt opp i dette?*

— Trur det ligg makter bak, og vil gjerne tru at det er ei vidare meining med livet.

— *Kva kjem til å skje på Øvreåsen i framtida?*

— Vonar ein i slekta skal komme å ta over garden. Eg skal drive og halde alt i så god stand som eg maktar. Garden vert ikkje seld ut av slekta av meg.

Steinar Dvergsdal



Garden ligg høgt og fritt. Kan sjå ned på store deler av Jølster.

Stølsdrift i Befringsdalen

Særøppgåve ved Arna Gymnas 1978-79 av Sølvi Befring Straume.
Litt omarbeidt for JØLST av Bjarne Befring.

For dei som hadde svinga seg ut i dei små timar, var det makelegare med ein fisketur til Blåvatnet. Hadde ein kaffikjelen med, kunne det bli reine koseturen av det. Men ellers gjekk det godt an å nyte sola på stølsvollen.



Foto: 1945.

Heimferda

Det var som regel første laurdag i september at ein flytta heim. Fredagskvelden samlast alle framkomte til avskilskallas i det største selet på støylen. Her vart den siste rømmekollen sett til livs, og mange minne frå sommaren vart friska oppatt. Og lått og leven var det til langt på natt.

Buskapane forstod godt at dei skulle få reisa heim, og det var berre å setje dei på råka heimover, så klarte dei resten sjølve.

Så bar ein med seg nedatt det utstyret som ikkje kunne liggje att over vinteren. Ein del vart sendt på løypestengen frå Reset, og sengetøy og anna utstyr fekk seg ein luftetur over elv og gjel og skogtoppar.

Ymse frå stølsdrifta

Midt i førre hundreåret kunne ein få besøk av bjørn på støypane i Befringsdalen, men ingen munnlege opplysningar om dette ligg føre. Det ein imidlertid veit, er at ein i 1830—1850 og delvis -60, kunne treffe på ulv. Det veit vi av at Erik Befring, 1857—1956, fortalde at kyrne ein gong hadde ringa inn ein ulv på Reset. Kyrne hadde gått til åtak på han frå alle kantar, men ulven hadde berga seg med eit kjempehopp over kuryggane.

Elles kunne henting av kyrne vere ei ekstra påkjenning for dei stølsjentene som hadde buskapar som ikkje kom

frivillig. Oftast var det slik at det var når kyrne beita lengst borte frå støylen at dei måtte hentast. Dei kunne då vere i inste Skardet, ved Grøtet og i Småhauane. Det vert fortalt at moster åt far ein gong då ho var på Befringsstøylen, måtte avstad for å leite etter kyrne. Det leid veldig langt før ho fann dei, og då var dei så dovne at ho ikkje fekk dei til å gå så fort som ho tykte det trengdes. No hadde ho høyrte at dersom ein kledde seg heilt naken og lot håret falle utover skuldrane, så ville kyrne bli så skremde at dei la på sprang. Dette ville ho difor prøve. Men det var både første og siste gongen ho gjorde noko slikt, for kyrne vart heilt vetskremde og sprang så ho mest trudde dei ville kome til å øydeleggje seg heilt.

Slutt på stølsdrifta

Utskiftning av innmarka på Befring i 1950 førde med seg at fleire bønder måtte flytta frå dei gamle gardstuna. Dette, saman med lett tilgang på arbeid i industrien og mekanisering i jordbruket, førde til at stølsdrifta vart for tidkrevande i ei tid med vanskeleg arbeidshjelp i jordbruket. I 1951 var siste året alle på Befring var på støylen, og året etter var det berre Daniel J. Befring att. Og sommaren 1956 var siste året det var produsert mjølk i Befringsdalen, for då la og Lyngstad-bruket ned stølsdrifta.

Kulturbeite, overgang til større kurase - alt gjorde sitt til at ein mange hundreårig epoke tok slutt. Ein god del av stølshusa har alt ramla overende. Og at fleire står for tur, syner dette fotoet.

Men 4—5 av sela er godt vedlikehaldne og ofte i bruk i ferietida og om vinteren i påska. Så den vakre Befringsdalen opplever enda besøk.



Foto: Bjarne Befring, 1978.

Morgonstund på støylen

Den som var stølsjente gjekk heimanfrå i 16.30 tida og var på støylen vel ein time seinare. Slapp ho hente buskapen, kunne det verte eit par-tre timar til handarbeid og besøk til dei andre stølsjentene. Stølsseila på Befringsstøylen ligg alle innanfor ein radius av 50—60 m., så det var lett vint å gå på besøk. Men når ein skulle opp før kl. 6 om morgenen for å mjølke, var det ikkje råd med store «utskeielser» midt i veka.

«Eg har opplevd ein del slike grytidlege morgonstunder på Befringsstøylen», fotel far. «I førstninga av august slo vi stølskvia, og vi brukte då å reise oppover kvelden før for å kome i gang før ljådogga forsvann. Om der ikkje var plass nok i selet, overnatta vi gjerne på fjøshjellen. Når kyrne slapp ut or fjøset, var det alltid svært interessant å sjå korleis dei stod og snusa og lukta etter korleis veret vart. Dei gav seg god tid, og det var dei eldste med mest og lengst erfaring som tok avgjerda. Kyrne heime hadde tre stader å beite på, alt etter korleis veret vart. Tok dei vegen til Skardet, kunne vi vere viss på at det vart berre sol og fint ver. Reiste dei i Lia, var det utrygt for regnbyer, og reiste dei i nedste Lia, kunne vi vente både regn og vind. Dette var eit særst godt vervarsel, og vart lagt merke til når ein hadde tørrhøy så lenge stølsdrifta varte. Av og til kunne det rett nok oppstå dissens når avgjerda skulle takast. Det hende t.d. at ei av dei eldste tok vegen i Lia, medan andre ville på Skardet. Problemet løyste seg på den demokratiske måten at den som fekk minst oppslutning, hadde tapt».

I 8-tida samlast stølsjentene ved avkjølingsbekken og laga til mjølkebørene. Her var både 15 og 20 kg's hylkje fulle av mjølk som dei bar med seg heimover. Etter ei kort kvile på Midtstølen, gjekk dei i eit strekk til Reset der mjølka gjekk vidare på løypestrengen slik eg har fortalt før.



Foto: August 1950.

Stølsjentene

Førstninga av tretti-åra var økonomisk harde for bøndene. Direkte svolt var det ikkje, men kothaldet var ikke fullverdig. Å skaffe pengar til leigefolk var uråd, og for

bestemor som vart enkje i 1927 med seks born frå 0—11 år, var det ekstra stridt. Dei to eldste døtrene laut difor vere stølsjenter alt i 1932 - før dei hadde fyllt 14 og 12 år. Og yngste dottera til bestemor, var stølsjente sommaren 1940, 13 år gamal.

Frå 1896 er det dessutan kjent at den omlag 82 år gamle tipp-oldemor mi, Elisabet, måtte støyle. Det veit vi av at faster til far var født 3. juli og døypt berre 2 dagar etter, avdi dei ville få det gjort før tipp-oldemor flytta til støls.

Alderen åt stølsjentene varierte altså med omlag 70 år. Men det vanlegaste var nok at det var dei unge døtrene på gardane som var stølsjenter, men det hende óg at ein og annan gut tok del i dette arbeidet. Den noverande ordføraren i Jølster, var t.d. «Stølsjente» fleire år på rad.

Helg på støylen

Det kunne ofte vere folksamt på Befringsstøylen i helgane.



Etter at Liastova var flytta opp, vart den eit samlingspunkt for mange på laurdagskveldane. Her tona «His masters voice» frå sveivegrammofonen og håse -78 plater lenge etter at det var blitt søndag. Og det var «Tangoromantikk» med «De skjønneste roser» i «Sommerkveldens melodi» lenge etter glørne på peisen var slokna.

Søndagsmorgon kunne det bli ymse turar. Noko av det mest særreigne var vel ein tur på Jostedalsbreen. Her kunne ein gå på ski midt på sommaren om ein ville. Elles gjekk det godt med ei par gode skistøvlar. For lengre turar måtte ein «gå i tau» for ikkje å ramle ned i bresprekkar. Alt etter kva retning ein tok, kunne ein gå over breen til Fjærland i Sogn, eller ein kunne gå meir langs brekanten og kome ned til Lunde i Kjøsnesfjorden i Jølster.

Kjelder: Bjarne Befring
Olav J. Befring



Jølster Køyre- og rideklubb

Motto: Kultur, trivsel og helse

Jølster Køyre- og Rideklubb vart stifta i 1986. Det var ikkje så mange med i frå starten av, men opp gjennom dei 5 åra vi har eksistert, har medlemstalet auka. Av dei 50 medlemmane vi har er ikkje alle aktive. Ein del av dei er foreldre og andre støttemedlemmar, som er nødvendig for at klubben skal fungere.

Slik som tidligare somrar har vore, var det i år òg stor

aktivitet på Ridesenteret på Klakegg. Klubben tilsette Guro Thea Skurdal frå Gudbrandsdalen som dagleg leiar. Ho hadde bakgrunnen sin i travmiljøet, og gav nye impulsar til medlemmane.

Silvia van Hesik var deltidsinstruktør. Ho heldt nybyrjarkurs og kurs for vidarekomne både for klubbmedlemmane og andre interesserte.

Hestane vi brukte i sommar lånte vi inn frå Jølster og



Silvia på Sonja.

Jenter + hest = sant



Jentene i Jølster Køyre- og Rideklubb har eit flott miljø på Klakegg. Frå høgre Marthe Solvåg på Prikken, Hilde Katrine Hartvedt på Silver, Nina Helgheim på Noregs mest bortskjemde hest, Tina, Laila Vatne på Blesa, og Hilde Hegrenes på Siri. Foto: Firda.

Nordfjordeid. Men ein del av hestane var òg eigd av medlemmane.

Fjordhesten dominerte på Klakegg i år som i fjor, men ein del innslag av den «brune» sorten hadde vi òg.

På Ridesenteret hadde vi 14 hestar som vart brukte av medlemmane og til turistriding.

Av aktivitetar vi har delteke i i år kan vi nemne: Regionaltraining på Nordfjordeid med oppfølgingskurs på Norsk Hestesenter, Starum. Ponnicip for dei litt yngre på Klakegg, trav og gallopløp på Mo. Ponnimålar og banebyggarkurs.

I tillegg har nokre av dei aktive i klubben vore med på stemne rundt omkring i Sogn og Fjordane, og dei kan vise til heiderlege plasseringar.


Det siste nye er trening for OL-køyring.

I oktober var 4 av medlemmane med på førebuande køyrekurs, og fleire blir med seinare.

Klubben har klart å skape eit godt miljø, spesielt for dei unge i bygda, og vi vonar at vi i framtida kan få eit heilårstilbod, slik at medlemmane skal kunne hevde seg endå betre i konkurransesamanheng. Vi trur det kan verte stor utvikling for turistridding i Jølster, med unik

natur, dal- og fjellterreng som eignar seg for slik aktivitet.

Så vonar vi at medlemstalet i Jølster Køyre- og Rideklubb aukar monaleg. Og ynskjer alle nye medlemmar velkomne i rideklubben.





Jul i bygda i gamle dagar

Mørkt der er under høge fjell
no ved juletide.
Lampa kveikjest tidleg ved kveld,
snøtung står skogen i lide.
Skogsveg er brøytt av fjordingen rask,
vedlasset svingar tilgards med brask
Lagt i dungar i tune — til stovevarme og lune.

Stova vert skurt med halmvisk og sand,
blankt skal treet skine,
for no kjem jula — møy og mann
skal laugast reine og fine.
Lefse vert bakt ja, svele og kling,
i mange og store dungar.
Ferdigstrikka ligg votter og ting
til gåver åt vaksne og ungar.

Borna spring ærend til og frå,
ber vatn og ved til huse.
Mor segjer: No må de lye og gå
elles kjem bukken Bruse
og reiser med jula langt bakom fjell
då vert det ingen julekveld.
Så no må de vere flinke
skal det bli julesteik og skinke.

Til minne om gamal overtru er dei mange tjærekrossar
målt på gamle dører i bu
til vern mot huldre og gassar.
Åsgårdsreia tok hesten or stall.
for med den gjennom lufta so det skrall.
Gamlefar segjer frå koven:
Set graut til nissen på låven.

Fredleg ligg bygda i måneskin
alt til høgtida er ferdigt.
Klokkene ringjer jula inn
høgtidssamt og verdigt.
Ljorestova er pynta til helg
med åkle og einkvisten — lun og fjelg
og heimstøypte ljøs i stakar
med pinnesteik og julekost smakar.

Far sit i høgsættet, med lyden kring bord
les julevangelija for kvelden
om han som med fredsodet kom til jord
og kveikte den heilage elden.
Alt skrymt er kvorve — ljuset er gjest
i stova er juleglede og fest,
om natta skal lampa lyse
dei vil julegjesten hyse.

R. Viken.

FAMILIEKRYSSORD


Laga av Laila Hov Sandnes.

Vassrett:

1. Gler vi oss til
5. Drikk
6. Nederland
7. Tal
8. Tal
10. Naudsignal
11. Sup
13. Røys
14. Fisk
16. — og boge
17. Bye
19. Nekting
22. Artikkel
23. Klovn
24. Dessert
25. Likar nissen
27. Hygge
28. Igjen
32. Ujamn
33. Lever
34. Tanke
36. Jentenamn

Loddrett:

1. Bur i Jølster
2. Godt å ha på føtene
3. Krydde
4. Glatt
7. Gutenamn
9. Røys
- 12 Sport
15. Spørjeord
18. Jentenamn
20. Etter vulkan
21. Junior
26. Fisk
29. På kaffikjelen
30. Snål
31. Ikkje ut
35. Pronomen



Send løysinga til:

Jøster Mållag v/Ingrid Søyland Hope, 6840 Vassenden innan 10. januar. Bokpremiar.

UNGDOM

Du er aldri for gammal til å lære, med mindre du er tenåring.

Ein tenåring set alltid tinga på plass der han ikkje fann dei.

Å vera ung går over, men umogen kan ein vera heile livet.

Det barnet som blir oppseda strengt etter boka, er truleg ei førsteutgåve.

Til eldre du blir, til fortare sprang du då du var ung.


Sikraste teiknet på alderdom er når du tek til å angre på synder du ikkje gjorde.

Kosmetikk er kunsten å dementere fødselsattesten.





Teikningane er Unge Pennarteikningar frå Vassenden Skule.



Angelique

frisør og naturkosmetikk

Vi har åpent

mandag	15 ⁰⁰ - 19 ⁰⁰
tirsdag	9 ³⁰ - 15 ³⁰
torsdag	9 ³⁰ - 15 ³⁰
fredag	9 ⁰⁰ - 15 ³⁰

Vi brukar og sel naturprodukt

Timebestilling	057 28444	ikkje avbestillte
Privat luf Lisa	056 95283	timar må
" " Siv	056 93296	baklud

- Nærbutikken som har det meste
- Fast lågpris på varer som er aktuelle for dei fleste
- Langope til kl. 18.00 kvar torsdag
- Velkommen til handel på Vassenden samyrkelag!

S-MARKED VASSENDEN
Tlf. 057-27200

FRÅ FØRSTE STREK.....TIL FERDIG TRYKK!

eKO
EKO-Trykk A.s

6800 FØRDE
TLF. 057-22884/23711
TELEFAX: 057-20656



- Gåveartiklar
- Avskorne blomar
- Potteplantar
- Uteplantar
- Kransebinding
- Brudebukettar
- Pynting i kyrkja

MARGUNN
BLOMSTER
Skei — tlf. 28 440



årdalsbakke
ELEKTRO AS

STERKSTRAUM • SVAKSTRAUM • TELEINSTALLASJON
6850 Skei • Tlf. 057-28 135/28415 • Mob. 090-03227

FAX 057-28 595

KRAMBUA
SIGURD KLAKEG
6850 SKEI TLF. 28122

A/S **LEFI** BAKST
TLF. (057) 27 252
6840 VASSENDEN

VELKOMEN TIL GOD HANDEL

/

NÆRBUKTIKEN — ÅLHUS
telefon 27 888

OPNINGSTIDER:
mandag/tirsdag: 09.00-17.00
onsdag/torsdag/fredag: 09.00-18.00
laurdag: 09.00-13.00

Vi er så «liten» at vi kan yte personleg service — fleksibilitet.
Vi har eit miljø som du ofte saknar i dei store sentra!

Varesending kvar
TORS DAG

*Hjarteleg
velkomen til
handel
i julestova.*



AUDHILD VIKENS VEVSTOVE
Skei - Tlf. 28 125

Snikkarverkstad til teneste.

Vi laga nytt eller resleie det gamle,
både hus og møblar.
Visst det ikkje er ubotelæ.
Kan hende du blir forsuppa over ka vi får te.
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ
å gå jærandslause!

JØLSTER BYGG AS

6840 VASSENDEN I JØLSTER -- TELEFON (057) 27 415

Såvarer Kraftfor Kunstgjødsel Landbruksmaskiner Verkstad



VALMET

TA KONTAKT MED
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



Felleskjøpet Vestlandet

Bergen Skei i Jølster Etne
Tlf. 05/325500 Tlf. 057/28202 Tlf. 047/66544
5800 SOGDAL — TELEFON (056) 71905
6900 FLORØ — TELEFON (057) 41 411



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmelegg med ved, flis og olje
Pumpe anlegg
Kjøkken innreiing
Baderom og møblar

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE
6850 SKEI I JØLSTER



Jølster Samyrkelag

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 28 377
Avd. 002 - Stardalen - telefon 28 929
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644

Snikkarverkstad til teneste.

Vi laga nytt eller resleie det gamle,
både hus og møblar.
Visst det ikkje er ubotelæ.
Kan hende du blir forsuppa over ka vi får te.
Vi hjelpe deg gjerne, da æ no førtrælæ
å gå jærandslause!

JØLSTER BYGG AS

6840 VASSENDEN I JØLSTER -- TELEFON (057) 27 415

Såvarer Kraftfor Kunstgjødsel Landbruksmaskiner Verkstad



VALMET

TA KONTAKT MED
BONDEN SIN EIGEN FORRETNING



Felleskjøpet Vestlandet

Bergen Skei i Jølster Etne
Tlf. 05/325500 Tlf. 057/28202 Tlf. 047/66544
5800 SOGDAL — TELEFON (056) 71905
6900 FLORØ — TELEFON (057) 41 411



Rør og rørartiklar
Sanitæreanlegg og utstyr
Varmeanlegg med ved, flis og olje
Pumpe anlegg
Kjøkken innreiing
Baderom og møblar

JØLSTER RØR A/S

Aut. rørleggarmeister
TROND AARDALSBASSE
6850 SKEI I JØLSTER



Jølster Samyrkelag

Avd. 001 - Skei i Jølster - telefon 28 377
Avd. 002 - Stardalen - telefon 28 929
Avd. 003 - Årdal - telefon 27 644


PLASTKORT



Enklare enn sjekk, sikrere enn kontantar!

Plastkorta har kome for å bli – allemannseige. Det er ikkje vanskeleg å forstå kvifor. Det rette plastkortet blir motteke med eit smil verda over. Kortbrukarane smiler og! Dei veit at dei ikkje kjem til kort sjølv om bankane er stengde, lommeboka vrendt og bensintanken tom! Personkort, Premier Card og Firmakort – nyttig til tusen!

SPAREBANKEN
Sogn og Fjordane



OTTO DALE VVS

6840 VASSENDEN
TLF.: 27 197
MOBIL TLF.: 094 - 71 249

Omtrekking av møblar?
Kontakt

Jølster Møbel- og interiørservice
Telefon 27 612



Firma Gunnar Hylderås - Sandal

Ass. Landhandel
Medisinutsal - Tipping - Lotto - Måltips
Kontaktmann for V.S Sørsida
Bingoblokker Radio Jølst
Fiskekort/Jakkort
TELEFON 27 656



N-6850 Skei i Jølster
Tlf. 057-28 101 — Telex 40 531 skeho-n — Telefax 057-28 423

MEIR ENN 100 ÅR I REISELIVET SI TENESTE

Vår tradisjonsrike familieverksemd følgjer med i tida, og er idag eit moderne og komfortabelt hotell med 140 sengar fordelt på 72 gode rom med bad/dusj/WC/tlf. Her er store salongareal og spisesal med plass for inntil 300 personar. Dans til levande musikk, bar, folkedansframføring/folkemusikk kvar veke i sommarsesongen. Eigen kafé med plass til 130 gjester (mai-september). Fleire både større og mindre, godt utstyrte møte- og kurslokale. Plenumssal med plass for inntil 250 personar. Aktivitetsrom, badstu, boblebad og solarium. Har montert teleslynge for høyrselshemma i alle avdelingar, resepsjon, møtesal, salong og matsal.

Stort utandørs parkareal med oppvarma symjebassend (mai-september) og tennisbane. Praktfullt turterreng, erretfiske, båtar, sykklar, hestar (ridesenter 5 km frå hotellet), breflyging. Godt utgangspunkt for ein rekkje turar med bil eller buss.

Sommarsesong mai-september. Elles ope heile året for kurs, møter, konferansar og alle slags arrangement.

Vi ynskjer velkommen til eit hyggjeleg opphald!
FAMILIEN SKREDE



Kr. 30,-